



Knuseverket frå Granvin Maskinutleige har starta knusing på Børnes i dag.

Nedskyting og planering av Børnes Indusriområde held fram. Jarle Apeland eig den siste tomta som no vert tilrettelagd for bruk. Knuseverket frå Granvin Maskinutleige er alt i arbeid med knusing. Massane vert vert brukte av Musland Maksin. Tidlegare knusing på tomta til Søllesvik har vorte utført av entreprenørfirma Flatebø frå Etne.

I brev til Jarle Apeland og Kvinnherad kommune syner Fylkesmannen til melding om knuseverk på Børnes Industriområde datert 20. mars 2019. Føremålet er at det skal planerast tomt og tiltaket er planlagd gjennomført i løpet av få veker.

Fylkesmannen tek meldinga til orientering og føreset at tiltak mot støy og støv vert gjennomført slik det står i meldinga. Støv vert dempa med vatning. Støyen overfor naboane skal ikkje overstiga 55 desibel. Desibel er måleininga for lydstyrke (dB). Støv kan vera eit problem i eit område som ligg tett opp til private hus/hagar og matprodusenten Hjønnvåg.

Detaljregulering av industriområde er i oppstartfasen. Uskedalen.no vil laga eiga sak på det.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal